



Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

Tilskotsordning for lokal kompetanseutvikling i barnehage og grunnsopplæring i Møre og Romsdal



Innhald

1. Innleiing	3
1.1. Lokal kompetanseutvikling	3
1.1.1. Mål og kriteria for ordninga	4
1.1.2. Kriteria for fordeling av midlar	5
2. Modellen i fylket	5
2.1. Regionale samarbeidsforum	6
2.1.1. Statsforvaltaren si rolle	6
2.1.2. Oppgåvene til Samarbeidsforum	6
2.1.3. Erfaringsdeling mellom samarbeidsforuma	7
3. Årshjul - tidsplan	8
4. Rapportering	8
Vedlegg	10
Samarbeidsforum - M&R fylkeskommune	10
Samarbeidsforum - Søre Sunnmøre	11
Samarbeidsforum - Nordre Sunnmøre	12
Samarbeidsforum - Romsdal	14
Samarbeidsforum - Nordmøre	15

1. Innleiing

Tilskotsordning for lokal kompetanseutvikling i barnehage og grunnopplæring er politiske vedtekne strategiar¹²³⁴⁵ og skal vere ei støtte til kollektiv kompetanseutvikling i barnehagar, grunnskular og vidaregåande skular. Intensjonen er å gje rom for at lokale behov for kompetanseheving blir støtta og utvikla saman med universitet og høgskular (UH) i geografisk nærleik til kommunen og fylkeskommunen. Strategien er langsiktig og skal bidra til at barnehage- og skuleeigarar, i partnarskap med universitet og høgskular, sjølve har ansvaret for utvikling av tilsette sin kompetanse i sine barnehagar og skular. Målet er òg at lokal høgskule/universitet skal få ein meir praksisnær kompetanse.

Bakgrunnen for dette er at tidlegare nasjonale kompetansesatsingar ikkje har gitt rom for å tilpasse satsingane lokalt. I tillegg har barnehage- og skuleeigarar ulik kapasitet og kompetanse til å drive kvalitetsutvikling. Ein gjennomgang av tidlegare nasjonale kompetanseutviklingstiltak viser at lokalt handlingsrom, tid til implementering, god kommunikasjon om mål og innhald i tiltaket og involvering av lærarar og leiarar i avgjersler, er viktige faktorar for at arbeidet med kvalitetsutvikling skal lukkast.

Med denne bakgrunn vil tilskotsordning for lokal kompetanseutvikling i barnehage og grunnopplæring legge til rette for eit varig system der statlege midlar blir overført til regionen i staden for nye nasjonale satsingar.

Retningslinjene for tilskotsordning for lokal kompetanseutvikling i barnehage og grunnopplæring finn de her: <https://lovdata.no/dokument/INS/forskrift/2021-01-26-230>

1.1. Lokal kompetanseutvikling

Ordninga for lokal kompetanseutvikling inkluderer regional ordning for kompetanseutvikling i barnehagen (rekomp), lokal ordning for kompetanseutvikling i grunnskule og vidaregåande skule (dekomp) og kompetanseløft for spesialpedagogikk og inkluderande praksis.

Det er samarbeidsforuma i fylket som prioriterer kva for tiltak dei vil satse på, og fordele midlane ut frå dei lokale behova.

¹ [Kompetanse for fremtidens barnehage. Revidert strategi for kompetanse og rekruttering 2018-2022](#)

² [Meld. St. 21 \(2016-2017\) Lærelyst – tidlig innsats og kvalitet i skolen](#)

³ [Lærerutdanningane 2025. Nasjonal strategi for kvalitet og samarbeid i lærerutdanningane](#)

⁴ [Meld.St.6 \(2019-2020\) Tett på - tidleg innsats og inkluderande fellesskap i barnehage, skole og SFO](#)

⁵ [Meld.St.19 \(2015-2016\) Tid for lek og læring - Betre innhald i barnehagen](#)

1.1.1. Mål og kriteria for ordninga

For barnehagar og skular er målet med ordninga å styrke den kollektive kompetansen ut frå lokale behov, i partnerskap med universitet og høgskular (UH). For at dette skal lukkast er det tre *sentrale kriteria* i ordninga som må ligge til grunn. Desse er:

1. kompetansetiltaka er forankra i lokale behov
2. tiltak fremmer kollektiv utvikling i barnehagar og skular
3. eigarar utviklar og gjennomfører kompetanseutvikling i samarbeid med universitet eller høgskule – kor begge partar har eit likeverdig og gjensidig samarbeid.

Når det gjeld dei lokale behova for barnehage og skule skal dei vurderast ut frå dei nasjonale måla og regjeringas sektormål (tabell 1), rammeplan for barnehagane og læreplanane og styrke kompetansen som bidreg til å gi eit likeverdig tilbod til barn og elevar.

Tabell 1: Nasjonale mål for barnehage og skule.

Barnehage	Skule
<ul style="list-style-type: none"> • Alle har eit godt og inkluderande leike- og læringsmiljø • Barn som har behov for det, får hjelp tidleg slik at alle får utvikle sitt potensiale • Dei tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse • Alle har god tilgang til relevante tilbod av høg kvalitet 	<ul style="list-style-type: none"> • Alle har eit godt og inkluderande læringsmiljø • Barn og unge som har behov for det, får hjelp tidleg slik at alle får utvikle sitt potensiale • Dei tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse • Alle lykkast i opplæringa og utdanninga

For kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis er målet at alle kommunar, fylkeskommunar, barnehage- og skuleeigarar har tilstrekkeleg kompetanse til å fange opp alle utsette barn og unge. I tillegg skal dei gi eit inkluderande og tilpassa pedagogisk tilbod til alle, inkludert barn og elevar med behov for særskilt tilrettelegging. Det inneber at kommunar og fylkeskommunen skal:

- sjå det allmennpedagogiske og spesialpedagogiske tilbodet i samanheng
- ha kompetanse på vanlege utfordringar, men òg på samansette og relativt komplekse utfordringar
- ha samarbeidskompetanse til å byggje eit godt lag rundt barna og elevane
- ha kompetanse til å sjå når det vil vere nødvendig å innhente spesialisert kompetanse og rettleiing frå Statped eller andre kompetansesenter

1.1.2. Kriteria for fordeling av midlar

Midlar skal fordelast til samarbeidsforuma etter nokre grunnleggande kriteria.

Kompetanseutviklingstiltaka skal vere forankra i lokalt definerte behov, og vere basert på lokale analyser, fagleg dialog og partnerskap med UH. Lokale analyser av kompetanseutviklingsbehov skal forankrast ved den enkelte barnehage og skule på ein måte som involverer de tilsette og leiarar.

Ei viktig presisering er at midlane skal brukast til barnehage- og skulebasert kompetanseutvikling, slik at tiltaka fremmer kollektive prosessar for profesjonsutvikling som utviklar heile barnehagen og skulen. Det betyr at barnehage og skuleeigarar og UH skal i partnerskap vurdere kompetansebehov, planlegge og gjennomføre tiltak i barnehagar og skular.

Universitet og høgskule som bidreg i kompetanseutviklinga skal legge til rette for at erfaringane frå samarbeidet kan styrke lærarutdanningane.

Særskilte kriteria for barnehage

Samarbeidsforumet si innstilling kan i tillegg til barnehagebasert kompetanseutvikling prioritere ein tildeling der inntil 30 prosent av midlane nyttast til følgjande kompetansetiltak, vurdert ut frå behov lokalt:

- barnehagefagleg grunnkompetanse
- kompetansehevingsstudie for fagarbeidarar og assistentar
- fagbrev som barne- og ungdomsarbeidar (praksiskandidatordninga)
- tilretteleggingsmidlar for lokal prioritering.

Særskilte kriteria for kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis

- Kompetanseutvikling knytt til kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis skal vere tverrfaglege og vere retta mot ei breiare målgruppe.

2. Modellen i fylket

Vår modell for tilskotsordning for lokal kompetanseutvikling i barnehage og grunnopplæring bygger på dei etablerte regionane/nettverka i fylket. Det betyr at vi har fem regionale samarbeidsforum med ansvar for kompetanseutviklinga i «sin region» i partnerskap med UH.

Innanfor yrkesfag har Fylkeskommunen ei eiga ordning for desentralisert kompetanseutvikling der fylkeskommunen får tildelt midlar direkte frå staten, og skal etablere eit eige

samarbeidsforum. I samarbeid med relevante aktørar i yrkesopplæringa skal ein bli einig om korleis dei statlege midlane skal prioriterast og nyttast.

2.1. Regionale samarbeidsforum

Eit velfungerande samarbeidsforum er sentralt i modellen for tilskotsordning for lokal kompetanseutvikling i barnehage og grunnopplæring. Samarbeidsforumet skal bidra til å bygge kapasitet, gi evne til å analysere eigne kompetansebehov og til å drive målretta utvikling.

I kvart samarbeidsforum skal det vere representantar frå kommunane (både private og offentlege barnehagar og skular), kommunane som lokal barnehagemyndigheit, UH, KS, PBL fagforbund og Statsforvaltaren. I tillegg skal representantar frå PPT og Statped vere ein del av samarbeidsforum når det gjeld kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis. Andre samarbeidspartar kan bli invitert inn ved behov.

2.1.1. Statsforvaltaren si rolle

Statsforvaltaren har ansvaret for å forvalte tilskotsordninga og er representert i samarbeidsforum ved kontaktperson for regionen.

Opggåvene til Statsforvaltaren vil vere:

- å formidle overordna nasjonale intensjonar, rammer og føringar for ordningane, inkludert å sørge for at kriteria for tildeling er kjend for aktørane i samarbeidsforum og regionale kompetansenettverk
- å leggje til rette for lokalt samarbeid mellom barnehagar og skular og UH
- å vere sekretariat for samarbeidsforuma i sitt embete
- å bidra til samarbeid og samanheng på tvers av ulike kompetansetiltak i embetet
- å fatte vedtak og tildele midlar til tilskotsmottakarane i tråd med samarbeidsforumets innstilling. Tildelinga må oppfylle tildelingskriteria omtala i retningslinjene punkt 3.3, og punkt 8 om instruks for økonomiforvaltning
- å bidra til transparens gjennom oversikt over tiltak, planar og rapportering.
- å rapportere årleg til Utdanningsdirektoratet

2.1.2. Oppgåvene til Samarbeidsforum

Opggåvene til samarbeidsforum er å levere ei innstilling til Statsforvaltaren for lokal kompetanseutvikling for barnehagar og skular i sin region. Innstillinga skal vere basert på ei vurdering frå barnehage- og skuleeigar om kompetanseutviklingsbehov, og skal vere forankra i lokale planar som nemnt tidlegare i denne planen.

Samarbeidsforumets innstilling skal gi ei oversikt over:

- korleis ein ønsker å fordele midlane mellom dei aktuelle tilskotsmottakarane
- kva for tiltak som prioriterast, kven som skal delta og tiltaka si varigheit


- korleis tiltaket oppfyller kriteria for tildeling av tilskotsmidlar
- kva for eigarar og UH som er i partnerskap omkring dei ulike tiltaka
- PPT og Statped si rolle i Kompetanseløftet
- bruk av skuleeigars eigenandel på 30 prosent for lokal kompetanseheving i grunnopplæring og vidaregåande opplæring
- bruk av midlar til andre tiltak enn barnehagebasert kompetanseutvikling i regional ordning (30 %- delen)

Dei regionale samarbeidsforuma skal sikre at Statped og PPT er involvert i vurderinga av kompetansebehov knytt til kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis. Det er etablert ulike regionale kompetansenettverk i alle fylker. Disse kan være gode arenaer for medverking frå aktørane.

Samarbeidsforum sin leiar har som oppgåve å leie møta og sørge for at avgjersler vert tatt.

2.1.3. Erfaringsdeling mellom samarbeidsforuma

Statsforvaltaren planlegg ei årleg fylkessamling for samarbeidsforuma kor erfaringsdeling med ordninga vil vere sentralt. Aktørane i ordninga vert utfordra til å leggje fram det dei arbeider med innanfor lokal kompetanseordning i barnehage og skule. Det er viktig at ikkje berre «solskinshistoriene» kjem fram her. På den måten kan ein få ei breiare forståing av ordningane og korleis ein kan utvikle ny kompetanse. Erfaringsdelinga skal vere til inspirasjon og motivasjon for arbeidet.




Figur 1: Skjematisk framstilling av samarbeidsforum i Møre og Romsdal

3. Årshjul - tidsplan

Datoane for arbeidet med innstilling og utbetaling av midlar til regionane ligg fast kvart år, og vil vere førande for dette arbeidet. Ut over dette vil møtefrekvensen for samarbeidsforuma vere ut frå regionens behov.

Statsforvaltaren gjennomfører ei samling for alle samarbeidsforuma i Møre og Romsdal i november kvart år, for erfaringsdeling mellom dei ulike aktørane i fylket.



Figur 2: Årshjul – tidsplan for lokal kompetanseutvikling i Møre og Romsdal

4. Rapportering

Samarbeidsforumet skal levere si innstilling til Statsforvaltaren årleg innan 15. mars. Midlane skal fordelast til tilskotsmottakarane innan 15. april. Samarbeidsforumet kan bli einig med Fylkesmannen/Statsforvaltaren om tidlegare fristar.

Det vert utarbeida malar for rapportering og eit felles rapporteringssystem gjennom høyringssystemet. Rapportane skal innehalde:

- kva for tiltak som er gjennomført
- korleis midlane er nytta

- vurdering om ein har nådd måla
- kor mange barnehagar og skular som har delteke
- oppstart og varigheit på tiltak
- målgruppe (kompetanseløftet)

Vedlegg

Samarbeidsforum - M&R fylkeskommune		
Namn	Arbeidsplass/kommune	E-postadresse
Monica Solheim	MR Fylkeskommune - leiar	monica.solheim@mrfylke.no
Helene Loe Arntzen	MR Fylkeskommune	Helene.Loe.Arntsen@mrfylke.no
Kariann D. Flovikholm	MR Fylkeskommune	kariann.d.flovikholm@mrfylke.no
Jessie Strand Fagervoll	Borgund vgs	jessie.Strand.Fagervoll@mrfylke.no
Trond Hjelle	Atlanten vgs	Trond.Hjelle@mrfylke.no
Ole Martin Tonheim	Akademiet	ole.martin.tonheim@akademiet.no
Olav Myklebust	Rauma	Olav.Sandanger.Myklebust@mrfylke.no
Torstein Drabløs	HiVolda	torstein.drablos@hivolda.no
Hilde Nauste Myhre	KS	Hilde.Nauste.Myhre@ks.no
Eva Marie Hammervik	Statped	Eva.Hammervik@statped.no
Kari L. Buset	HiVolda - Dekom	kari.leikanger.buset@hivolda.no
Ole Frank Bakken	HiVolda	ole.frank.bakken@hivolda.no
Silje Ims Lied	HiVolda	silje.ims.lied@hivolda.no
Stig Ove Andersen	Statsforvaltaren	fmmrstan@statsforvalteren.no

Samarbeidsforum - Søre Sunnmøre		
Namn	Arbeidsplass/kommune	E-postadresse
Bodil Brautaset	Volda	bodil.brautaset@volda.kommune.no
Brit Synnøve Torvik	Herøy	brit-synnove.torvik@heroy.kommune.no
Gry Nordal	Ulstein	gry.nordal@ulstein.kommune.no
Ingrid Haug	PPT Ulstein, Hareid, Volda og Ørsta	ingrid.evebo@ulstein.kommune.no
Eivind Longva	Hareid	eivind.longva@hareid.kommune.no
Reidun Moe	Ørsta	reidun.mo@orsta.kommune.no
Sølvi Erviksæter Sjøstad	Vanylven	solvi.erviksaeter.sjastad@vanylven.kommune.no
Øystein Jarl Johansen	Sande	Oystein.jarl.johansen@sande-mr.kommune.no
Sindre Sandbakk	Utdanningsforbundet	sinsan@orstaskulen.no
Ruth Hatlebrekke Rekdal	Sande - koordinator	ruth.hatlebrekke.rekdal@sande-mr.kommune.no
Hilde Nauste Myhre	KS	Hilde.Nauste.Myhre@ks.no
Kari Vold Jensen PBL	PBL	kari@pbl.no
Eva Marie Hammervik	Statped	Eva.Hammervik@statped.no
Svein Harald Nygård	Statped	Svein.Harald.Nygarde@statped.no
Kari L. Buset	HiVolda	kari.leikanger.buset@hivolda.no
Elisabeth Welle	HiVolda	elisabeth.welle@hivolda.no
Ole Frank Bakken	HiVolda	ole.frank.bakken@hivolda.no
Silje Ims Lied	HiVolda	silje.ims.lied@hivolda.no
Linda Engjaberg	HiVolda	linda.engjaberg@hivolda.no
Bodil Grindvik Uri	Statsforvaltaren	fmmrbour@statsforvalteren.no

Samarbeidsforum - Nordre Sunnmøre		
Namn	Arbeidsplass/kommune	E-postadresse
Hildegunn Pedersen	Sula - leiar SRO/AU	Hildegunn.pedersen@sula.kommune.no
Charles Tøsse	Fjord	charles.tosse@fjord.kommune.no
Åse Elisabeth Skjærseth	Giske	ase.elisabeth.skjaerseth@giske.kommune.no
Cecilie Holen	Giske	Cecilie.holen@giske.kommune.no
Tone Lillebø	Stranda	tonlil@stranda.kommune.no
Pål Sindre Digernes (AU)	Sula	pal.sindre.digernes@sula.kommune.no
Jeanett Reiten (AU)	Sula	jeanette.reiten@sula.kommune.no
Monica Hjelmevoll	Sykkylven	Monica.hjelmevoll@sykkylven.kommuine.no
Øyvind Fet	Sykkylven	oyvind.fet@sykkylven.kommune.no
Bjørnar Midtbust	Sykkylven	bjornar.midtbust@sykkyven.kommune.no
Bjørn Ivar Rødal	Ålesund	bjorn.ivar.rodal@alesund.kommune.no
Hilde Sørdal	Ålesund	hilde.sordal@alesund.kommune.no
Anders Lindbeck (AU)	Ålesund	anders.lindbeck@alesund.kommune.no
Kristin Bryn Westre (AU)	Ålesund	kristin.bryn.westre@alesund.kommune.no
	PPT	
Lindis Dalebø	Fagforbundet	lindisdalebo@alesund.kommune.no
Hilde Nauste Myhre	KS	Hilde.Nauste.Myhre@ks.no
Therese Kile Urke	PBL	therese.kihle.urke@sula.kommune.no
Kari Vold Jensen	PBL	kari@pbl.no
Signe Urtegård	Friskulane	s.urtegard@morealesund.no
Ina Enoksen	UDF	leder.alesund@utdanningsforbundet.no
Britt Leira Heimdal	Skuleleiarforbundet	Britt.leira.heimdal@alesund.kommune.no
Eva Marie Hammervik	Statped	Eva.Hammervik@statped.no
Svein Harald Nygård	Statped	Svein.Harald.Nygard@statped.no
Kari L. Buset	HiVolda	kari.leikanger.buset@hivolda.no

Elisabeth Welle	HiVolda	elisabeth.welle@hivolda.no
Silje Ims Lied	HiVolda	silje.ims.lied@hivolda.no
Linda Engjoberg	HiVolda	linda.engjoberg@hivolda.no
Ole Frank Bakken	HiVolda	ole.frank.bakken@hivolda.no
Elin Bø Morud	NTNU	elin.morud@ntnu.no
Torunn Måseide	Sunnmøre regionråd	torunn.maseide@sunnmoreregionrad.no
Nils Magne Abelseth	Sunnmøre regionråd	nils.magne.abelseth@alesund.kommune.no
Bodil Grindvik Uri	Statsforvaltaren	fmrbour@statsforvalteren.no

Samarbeidsforum - Romsdal		
Namn	Arbeidsplass/kommune	E-postadresse
Lise-Helen Gallagher	Molde - leiar	lise.helen.wessel.gallagher@molde.kommune.no
Lina Dahlsveen	Molde - nestleiar	lina.dahlsveen@molde.kommune.no
Knut Øyvind Hoem	Vestnes	knut.hoem@vestnes.kommune.no
May Britt Skavnes	Vestnes	may.britt.skavnes@vestnes.kommune.no
Marianne Bolghaug	Aukra	marianne.bolghaug@aukra.kommune.no
Siv Katrin Hjellnes	Hustadvika	siv.hjellnes@hustadvika.kommune.no
Aina Ø. Henden	Rauma	aina.henden@rauma.kommune.no
Hilde Kavli Ree	Rauma	hilde.ree@rauma.kommune.no
Gro Bjørnstadjordet Ericson	PPT	gro.ericson@molde.kommune.no
Brita Moe	Molde - koordinator	brita.moe@molde.kommune.no
Hilde Nauste Myhre	KS	Hilde.Nauste.Myhre@ks.no
Kari Vold Jensen	PBL	kari@pbl.no
Eva Marie Hammervik	Statped	Eva.Hammervik@statped.no
Kari L. Buset	HiVolda	kari.leikanger.buset@hivolda.no
Elisabeth Welle	HiVolda	elisabeth.welle@hivolda.no
Ole Frank Bakken	HiVolda	ole.frank.bakken@hivolda.no
Silje Ims Lied	HiVolda	silje.ims.lied@hivolda.no
Stig Ove Andersen	Statsforvaltaren	fmmrstan@statsforvalteren.no

Samarbeidsforum - Nordmøre		
Namn	Arbeidsplass/kommune	E-postadresse
Astrid Mogstad Høyvik	Surnadal - leiar	astrid.mogstad.hoivik@surnadal.kommune.no
Else Brit Gaupset	Gjemnes - nestleiar	else.brit.gaupset@gjemnes.kommune.no
Erik Næss	Averøy	erik.ness@averoy.kommune.no
Eva Berg	Aure	eva.berg@aure.kommune.no
Lene Holten	Gjemnes	lene.holten@gjemnes.kommune.no
Mona Reinset	Sunndal	Mona.reinset@sunndal.kommune.no
Hilde Akselsen Andersen	Sunndal	hilde.akselsen.andersen@sunndal.kommune.no
Jørn Arild Lie	Smøla	jorn.lie@smola.kommune.no
Torill Helgetun	Surnadal	torill.helgetun@surnadal.kommune.no
Christina Adelhardt	Tingvoll	christina.adelhardt@tingvoll.kommune.no
Edith Husby	Kristiansund	Edith.husby@kristiansund.kommune.no
Elin Aspen	Kristiansund	Elin.aspen@kristiansund.kommune.no
Jorun Marie Jonassen	HTV	jorun.marie.jonassen@smola.kommune.no
Turid Hals Sæther	PPT	Turid.hals.sether@surnadal.kommune.no
Hilde Nauste Myhre	KS	Hilde.Nauste.Myhre@ks.no
Eva Hammervik	Statped	Eva.hammervik@statped.no
Kari Vold Jensen Geoffrey Armstrong (vara)	PBL	kari@pbl.no geoff@pbl.no
Heidi Oren Folland	Private skuleeigarar	rektor@bodalenfriskole.no
Anne-Lise Holmvik Berte Bjørngaard (vara)	DMMH	Anne.L.Holmvik@dmmh.no bsb@dmmh.no
Elin Morud	NTNU	Elin.morud@ntnu.no
Gro Toft Ødegård	Statsforvaltaren	grtod@statsforvalteren.no

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL

Postboks 2025, 6404 Molde | fmmrpost@statsforvalteren.no www.statsforvalteren.no/mr

